



MASFJORDEN KOMMUNE

Rådmannen
Rådgjevarar

Dato: 27.10.2011

Molland skules vel
v/ Evelyn Birkeland

5981 MASFJORDNES

Vår ref.

11/543-3/N-255, N-541/AMS

Dykkar ref.

Søknad om fri tilkopling - melding om vedtak

Viser til dykkar søknad datert 01.09.11 og til vedlagt utskrift av vedtak.
Dersom du er part i saka med klagerett vil du også få vedlagt saksutgreiinga.

VEDTAK:

Molland skules Vel får kople Mollandseid skulehus på det kommunale vassverket utan å betala tilkoplingsavgift.

Klagerett:

Masfjorden kommune gjer merksam på at det er klagerett (FVL §28) på dette vedtaket. Klage må sendast innan 3 veker. (FVL §29)

Med helsing

Alf Strand
Rådgjevar for oppvekst og kultur

Mottakarar:

Molland skules vel

v/ Evelyn Birkeland

5981

MASFJORDNES

Saksdokument:

Nr	T	Brevdato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	01.09.2011	Molland skules Vel	Søknad om fri tilkopling til kommunalt vassverk for Mollandseid skulehus

Saksutgreiing:**1. Bakgrunn/Fakta**

Molland skules Vel søker i brev datert 14.08.2011 om å sleppa å betala påkoplingsavgift i fall dei skulle kopla seg på det kommunale vassverket.

Gamleskulen på Mollandseid er eit viktig samlingspunkt i den gamle skulekrinsen. Folk i alle aldrar samlast til ulike typar arrangement. Huset blir også leigd ut til feiring av fødselsdagar og anna.

Vassforsyning til gamleskulen er eit problem då der er både lite og dårleg vatn i kjelda. Styret for huset vurderer difor å kopla seg til det kommunale vassverket. Men kostnaden med dette vurderer dei til å vera større enn dei kan ta på seg sidan dei i den seinare tid har hatt større vedlikehalds- og opprustningskostnader.

2. Vurdering

Rådmannen er kjend med at gamleskulen på Mollandseid er eit viktig samlingspunkt i grenda og i mange høve eit tenleg hus til fleire typar samkomer. Ein er òg klar over at folket i krinsen har lagt ned mange dugnadstimar for å få eit tenleg hus. Det er viktig for framtidig bruk at skulehuset har nok og godt vatn. Å fritta huset for tilkoplingsavgifta vil då vera kommunen sitt tilskot til å setja huset i god stand til bruk i åra framover. Det er ei enkel sak å kopla seg på det kommunale vassverket her då leidningane ligg ganske nær.

Rådmannen meiner på bakgrunn av dette at Molland skules Vel skal få kopla skulehuset på det kommunale vassverket utan å betala tilkoplingsavgift.

6. Konklusjon

Molland skules Vel får kopla Mollandseid skulehus på det kommunale vassverket utan å betala tilkoplingsavgift.

Masfjorden Kommune

SAKSGANG			
Politisk organ	Møtedato	Saksnr	Sakshands.
Delegert RÅD - ref. formannskapet	18.10.2011	043/11	Alf Strand

Arkiv: N-255, N-541	Arkivsaknr.: 11/543
---------------------	---------------------

Søknad om fri tilkøpling til kommunalt vassverk for Mollandseid skulehus

DELEGERT VEDTAK:

Molland skules Vel får kopla Mollandseid skulehus på det kommunale vassverket utan å betala tilkøplingsavgift.

Grunngjeving for fritak:

Å fritta huset for tilkøplingsavgifta vil då vera kommunen sitt tilskot til å setja huset i god stand til bruk i åra framover til fellesskapets beste. Gamleskulen på Mollandseid er eit viktig samlingspunkt i den gamle skulekrinsen

Finansiering

Heimel